



Hordaland politidistrikt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/605 - 16/2216

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

04.02.2016

Høring - Nedsatt fartsgrense på KV0027 Håtuftvegen, KV0028 Myrtveitvegen og KV0029 Gripavegen i Meland kommune

Meland kommune har fått melding frå Myrtveit Bygdehus om at dei er uroa over til tider stor fart på dei aktuelle vegstrekka.

Aktuell strekning er 2,4 km for Håtuftvegen, 0,7 km for Myrtveitvegen og 0,8 km for Gripavegen. Det er spreidd busetnad langs vegane og den generelle fartsgrensa etter vegtrafikklova er 80 km/t. Delar av strekninga er meir tettbygd, den går mellom anna gjennom gardstun, og det vil her vere uklart om den generelle fartsgrensa er 50 km/t eller 80 km/t. Myrtveitvegen og Gripavegen er også skuleveg for barn som skal ta skulebussen frå busstoppet i enden av Håtuftvegen.

Generelt er alle tre vegane smale og uoversiktelege. Det er mange partier med vegbredde mindre enn 4 m. Det er heller ikkje gang- og sykkelveg på strekninga.

Ut i fra desse vurderingane ønskjer Meland kommune å skilte 50 km/t på omtalte vegstrekningar. Se vedlagt skiltplan som ligg ved.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til 03.03.2016.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Skiltplan Håtuft 20160202

Mottakere:

Hordaland politidistrikt

Statens vegvesen